



Sumarbeite for alsofsar

har det frå ymse hold i Sogn vore flaga over at det er vanskar med å finna høveleg sumarjeite for alsofsar.

Landbruksfelskapet har røft etter gjennom jordskyri om det er høveleg hamn å få leiga. Av dei hamnestrekningane som er nemnde har ein heft seg ved Tunsbergdalen i Luster og Vardalsstølane i Ryrkjebø herad.

Tunsbergdalen er ein stor hamnestrekning på ca. 4-5000 dekar, men beitet ligg såleis til at det kvart år vert overfløymt av vatn fra Jostedalsbreen, og då dette vatnet fører mykje leirslam med seg, vert beitet fjemt. Elvi vil ved regulering kunne senkast, men då vassfallet er felt til eit fossekompani, kan ein ingen ting gjera med vassfallet utan løyve frå dei som set med oppdemningsretten.

Grunneigarane i Leirdalen er interessert i å få kjøpt vassretten attende for å kunne nytta dei store beite- og dyrkningsvidder som ligg der. Spørsmålet har ålmen interesse, og landbruksfelskapet har difor teke arbeide opp for få Tunsbergdalen frigjeven til utnytting til beite.

* * *

Sogningen.
15. juli 1941.